



Naturvernforbundet
i Sogn og Fjordane

Sogn og Fjordane Turlag



NORSK ORNITOLOGISK
FORENING

NJFF
Sogn og Fjordane



Mottakar

Nve@nve.no

Leikanger, 20.01.2021

Høyringsfråsegn av endringer i detaljplan for Bremangerlandet Vindkraftverk's Flytting av turbiner T1, T2, T4, T14 og T17.

FNF Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum for natur- og friluftsansjasjonar i Sogn og Fjordane, som arbeider for å ta vare på natur- og friluftsansjessene i fylket. Per i dag er det 12 ansjasjonar tilslutta FNF Sogn og Fjordane: Sogn og Fjordane Turlag (SFT), Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane, Fjordane Friluftsråd, Norsk Ornitologisk Forening avd Sogn og Fjordane, Kystlaga i Sogn og Fjordane, Sognefjorden Vel, Norges Speidarforbund i Sogn og Fjordane, Fortidsminneforeningen i Sogn og Fjordane, Klatreklubbane i Sogn og Fjordane, Sogndal Dykkarklubb og Gloppen Kajakklubb. Ansjasjonane representerer rundt 19.000 medlem i fylket.

Dette fråsegnet er sendt på vegne av:

Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet Sogn og Fjordane, Norsk ornitologisk foreining Sogn og Fjordane og Keipen Turlag.

Me vil først takka for moglegheita til å komme med våre betraktningar og innspel til endringar lagt fram i detaljplan for Bremangerlandet vindkraftverk, dette sett me stor pris på.

Viser til brev 16. desember 2020 frå Norges vassdrags- og energidirektorat om Bremangerlandet vindkraftverk - høring av endringer i detaljplan. Flytting av turbiner T1, T2, T4, T14 og T17. I Høyringsbrevet kjem det fram at saka gjeld søknad om endringar frå førre detaljplan.

Me vil så vise til lokalbefolkninga og politikarar i Bremanger som ikkje føler seg hørt. Det har vore mange innspel i saka som ikkje har blitt tatt tak i frå konsesjoneren si side. I FNF Sogn og Fjordane sitt skriv «høyringsfråsegn til MTA-plan og til MTA-plan 132 kV linje Rugsundøy-Bremangerlandet» datert 13.12.2019. vart det framheva mange punkt som kunne takast med for å betre på situasjonen. Ei av



desse punkta var «*Det må konkretiserast gode løysingar for alternative stiar, ruter og Pilegrimslei, korleis og kor desse kan leggast og nyttast gjennom året, i anleggstida og i driftsperioden utan at folk er utsett for ekstra upårekeleg risiko ved å ferdast i områda*».

Det vart allereie i «*Fagrapport Friluftsliv og ferdseil Bremangerlandet vindkraftverk*» datert 01.07.2011 påpeika at området er i bruk som turmål og pilegrimslei for Keipen Turlag, Bremanger idrettslag og Sunnivalaia. Dei har merka turstiar i området og har ikkje blitt kontakta for å sjå på løysingar på stiar dei har til Vetvika, Karihaugen, Fåvatnet og stølane, frå Klungreset opp Klungresetdalen via Blandevatnet til Oldeidsmannen og til Varpestølane og til Steinfjellet. Dette er tre interesser som har brukt områda i lang tid og som må involverast om ein skal få konkrete og gode løysingar for alternative stiar, ruter og Pilegrimslei. Ein må og få på plass ein plan om korleis desse kan nyttast gjennom året, i anleggstida og i driftsperioden utan at folk er utsett for ekstra upårekeleg risiko ved å ferdast i områda. Mange stiar vil i periodar med fare for iskast bli lite tilgjengelege, dette grunna omsynssoner fare for iskast. Desse sonene vil strekke seg langt utover sjølve plangrensene.

Topografien i området gjer det komplisert å kunne legge om stiane og ein treng eit godt samarbeid for å finne løysingar. Endringar i detaljplan bør ikkje godkjennast før dette er formelt avklart og planlagt i terreng, i kart og i samråd med involverte partar. Dette har blitt gjort ved andre vindkraftanlegg og er etter alt og dømme lågthengande frukt for konsesjonerar som har ønske om å involvere lokalsamfunnet i planlegginga. Å bli involvert i lokale saker handlar i stor grad om folkehelse, dette blir omtalt i FN's berekraftsmål. Sosial berekraft og folkehelse må fremjast blant anna gjennom sosial rettferd ved å leggja til rette for at menneskje får påverke forhold i nærmiljøet og elles i kommunen.

Moment som er relevante for ikkje å godkjenne endringar av detaljplanen er.

- Lokale lag og foreiningar som nyttar området er enda ikkje involvert for å finne gode løysingar, dette må på plass før ein kan gå vidare i saka.
- Ny rute til turbin T14 vil føre til utfordringar med vassføringsmønster både i planområdet og i landbruksområda under Melenova. Endringa av vegtrasen vil redusere kvalitetane myra har i området og føre til auke i utslepp av CO₂, fare for ras og forringing av leveområda til artar som nyttar myrområdet.
- Det må på plass betre undersøkingar av områda turbinane skal settast på. Det er stor forskjell på korleis forskjellige typar forankring påverkar naturen og miljøet i området. Dette gjeld på generelt grunnlag men turbin T14 vil bli framheva seinare i fråsegnen.
- Justering av turbinposisjonar betyr at det vil bli bygd om lag 800 m lenger internveg. Konsekvensar som ikkje vart tatt med i opprinneleg plan, og ikkje tidlegare vurdert. Stadige tøyningar av opprinneleg konsesjon fører med seg store belastningar når dei blir sett samla.
- Rasfare som ikkje blir tatt med i skredfarevurderinga. Det blir i skredfarevurderinga frå 04.10.2019 påpeika at «Infrastruktur og turbinpunkter ligger utenfor aktsomhetsområde for flomskred». Dette meiner me er i konflikt med turbinpunkt T14 som vil påverke områda nedstrøms.
- Målepunkter for myr. Det blir i endringssøknaden for detaljplanen påpeika det samme som me også ser: Flyttinga av turbin T14 berører myrlandskap i størst grad. Det blir så vist til undersøkingar gjort av Multiconsult på vegne av BVAS sommaren 2020. Undersøkinga skulle

sjå på overvåkingsprogram for å dokumentere om anleggsaktiviteten og om dei endelege vegtrasane vil ha nokon negativ innverknad på myrforekomsten i området.

- «Tip-height» redusert frå 149,5 mob til 147,9 mob, ved at toppen av alle turbinfundament skal byggast mest mogleg jamnt med terrenget. Dette blir gjort for å redusere konflikt med tanke på dekningsområdet til radaren som forsvaret har på Kvalheimsfjellet. Problemet med dette er at sveiparealet og blir senket tilsvarande. Dette vil gå ut over lågtflygande fugl i området og må utredast.

Ny rute til Turbin T14 vil påverke vassføringa i området.

Når planlagt rute til T13 og T14 blir lagt om frå vestsida av Melane til austsida vil den terrengdekkande myra som er mellom Melane og Nysvora få endra tilsigsmønster av vatn og endre området evne til å fungere flomdempende i framtida. Det kan og føre til auka nedbrytning av myrområdet som vil føre med seg større utslepp av klimagassar enn opprineleg plan.

Vegtrasen vil hindre naturleg tilsig frå området på og rundt Melane, den vil og kunne fungere som ein kanal som vil virke drenerande for myrområdet. Ved snøsmelting på våren, og ved større nedbørmengder vil området ha dårlegare evne til å virke dempende på vassmengdene. Dette vil føre til større svingningar i vassføring i Brokåna ned mot Varpe. Dette kan føre til skadar i hogstfelt, landbruksareal, begyggelse og infrastruktur i områda rundt og nedover Brokåna.

Me ønsker spesielt gode undersøkingar på grunnforholda rundt turbin T14 som kan gi svar på kva kvalitet bergmassen har, og kva dekke det er. Dette for å finne ut kva forankring er det behov for og korleis inngrepet vil påverke hydrologien i området. Det er som nemnt i opprineleg MTA- og detaljplan frå 14.10.2019 forskjell på grad av inngrep ved fjellforankret fundament og eit gravitasjonsfundament. Eit gravitasjonsfundament fører med seg eit mykje større inngrep i terrenget samt endringar i hydrologiske forhold som vil vere i området sjølv etter driftsperioden. Det følger med at gravitasjonsfundamenter må brukast i dei områda som tar størst skade av inngrepa. Sidan turbin T14 ligg på eit kritisk punkt med tanke på kvalitetane i området rundt bør ein ikkje godkjenne endringa i detaljplanen før dette er undersøkt. Ein må og sjå på om vegtrasen ved turbin T13 vil kunne påverke vassføringsmønsteret ned mot Botnavatnet og vidre ned Botnaelva. Det har tidlegare vore problem med vassføringa der Botnaelva og vegen opp til Fåtua kryssast.

Det er og eit generelt behov for betre undersøkingar av grunnforholda ved dei forskjellige turbinpunkta, men turbin T14 er spesielt avgjerande på kva skadar anlegget medfører og må sjåast spesielt godt på før ein vurderer plasseringa vidare.

Justeringar som fører til 800 meter lengre internveg.

Det blir jamt og trutt gjort mange endringar som kvar for seg har negative følger, samla over tid blir dei negative konsekvensane veldig store. Det blir vanskeleg å sjå kvar grensa går for kva negative følgjer som blir akseptert under godkjenning av konsesjonsendringar og planendringar. Spesielt når

det er større og mindre endringar som skjer over lang tid. Samtidig som ein snakkar om instrammingar innan vindkraft blir det stadig godkjent endringar som har negative følgjer.

I dette tilfellet er det lengre og endra trase for internveg som fører med seg negative konsekvensar for kvaliteten på naturområdet.

Vatn blir ført vekk frå sitt naturlege løp som kan føre til nokre tørrare områder som får endra kvalitetar, andre områder blir meir utsatt for svingningar i vassføring og kan føre til erosjon og skade på større områder.

Ei av dei tidlegare endringane er auke i Sveipareal på ca. 20% og ei auke i skuggekast, dette er spesielt negativt for lokale og trekkande fuglar.

Om ein tillater endringar frå opprinneleg plan i så mange ledd som og som har negative konsekvensar, så står ein i fare for å undergrave prosessen. Utbyggar vil i slike tilfeller bli belønna for å grønmale prosjekta sine, og konsekvensar kjem fram når konsesjon allereie er gitt. Den samla belastningen av slike endringar er til saman veldig store.

Når det kjem til samla belastning så er Bremangerlandet allereie omkransa av nyoppstarta vindkraftverk ved Guleslettene, Hennøy, Mehuken og snart Stadlandet. Bättre undersøkingar må til for å kartlegge dei samla belastningane på leveområda for artar som nyttar seg av områda, korleis vil for eksempel forringing av terrengdekkjande myr påverke realisert nisje og evne til å overleve for artar i området? Når leveområda får reduserte kvalitetar og dei gode områda blir meir og meir fragmentert kan det for mange artar påverke evna til å overleva og sjansane deira for reetablering i ettertid. Arealendringar er den største trusselen for mange dyr, spesielt dei som allereie er under press. Slike endringar i står i sterk kontrast til forpliktingar Norge har for å verne om sårbare artar som held til i eller brukar kystområda våre.

Rasfare som ikkje blir tatt med i skredfarevurderinga.


Det blir i skredfarevurderinga «Bremangerlandet Vindpark skredfarevurdering» utarbeida av Rambøll frå 04.10.2019 vurdert til at vindturbinane ikkje kjem i konflikt med skred da turbinpunkter ligg utanfor aktsomheitsområder for skred. Dette er kunn tilfelle om ein unnlater å sjå på områder omkring som blir påverka av inngrepa.

Om ein ser på lausmassekart (figur 1, side 5) og på aktsomheitsområder for skred (figur 2, side 5) så ser ein eit stort overlapp av skredmateriale og aktsomheitsområde for skred. Dette området er i nedkant av den nye plasseringa av turbin T14 og kan føre til store konsekvensar om det nye forslaget til plassering av turbin T14 og tilhøyrande vegstrekning blir opprettholdt. Området som har overlapp har ifølge illustarasjonar gitt i skredfarevurderinga ei helling på 30- 45°.

Endringar i vassføringsmønster nemnt tidlegare langs vegstrekningen til turbin T14 og ved sjølve turbinen kan føre til utvasking av skredmateriale i det overlappande området. Over tid kan dette føre til eit skred ved stor snøsmelting eller ved store nedbørsmengder. Dette i seg sjølv er kritisk for alle interesser som er på undersida, men og kritisk for myrområde på oppsida som vil i stor grad tørrleggast. Ved eit skred kan liv gå tapt, infrastruktur bli øydelagt og store mengder CO2 vil bli slept


ut, dette som følgje av drenering av myra mellom Melane og Nysvora og oppover mot Steinfjellvatnet.

Før ein eventuelt godkjenner endringar i detaljplanen må dette sjåast på, konsekvensane er for store om eit slikt ras skulle komme.



 Skredmateriale

Figur 1: Løsmassekart frå (NGU,2019) som vart nytta i rapport frå Rambøll 04.10.2019. Ein ser parti med skredmateriale som overlappar med aktsomhetsområder for skred under turbinpunkt T14 (NVE, 2019) sjå figur 2.



Figur 2: Aktsomhetsområder for skred (NVE, 2019) Turbinpunkter ligger utenfor aktsomhetsområder for skred. Infrastruktur ligger innenfor aktsomhetsområde for snøskred ved to strekninger, angitt med svart sirkel.

Målepunkter for myr.

Det vart den 2. september 2020 gjort ei befarings med ei begrensa feltstudie, formålet var «å avdekke myrområdets beskaftenhet, omfang og lokalisering av et eventuelt måle- og observasjons-program. Videre var formålet å verifisere det reelle behovet for programmets omfang og utstrekning samt i identifisere omtrentlige punkt-lokaliteter for installasjon av instrumenter.»

Det blir i endringsmeldingen påpeika at turbin T14 vil berøre myrlent terreng.

Det begrensa feltstudiet gjort av Multiconsult den 2. september 2020 er som nemnt i skrivet begrensa. Dette til eit område rundt turbinpunkt T12 og representerar ikkje heile området i si heilheit. Målepunkta i området rundt T12 er gjort i eit område som allereie har blitt utsatt for fysiske inngrep ved at det vart anlagt ein veg til stølsområda. Denne vegen som vart etablert på 1990 tallet har fleire dreneringspunkter som kan ha påverka vassmettinga i området. Så målingar gjort i området kan ikkje brukast som referanse på naturleg vassmetting, ein bør finne eit anna område. Forslag til område er i myrterrenget mellom Melane og Nysvora.

«Tip-height» redusert frå 149,5 mob til 147,9 mob

Dette blir gjort ved at toppen av alle turbinfundament skal byggast mest mogleg jamnt med terrenget. Dette blir gjort for å redusere konflikt med tanke på dekningsområdet til radaren som forsvaret har på Kvalheimsfjellet.

Problemet med dette er at sveiparealet og blir senket tilsvarande. Dette vil gå ut over lågtflygande fugl i området. Det er godt kjent at området er brukt av mange trekkande fugl. Problemet med kollisjonsfare for Ørn har og blitt løfta opp i media den siste tida. Det har ved andre vindkraftverk på Fosen i Trøndelag blitt funne 5 Havørner, dette er tilfeldige funn da søk etter fugl ikkje er systematisk i området. Mørketala er nok store, spesielt på mindre fugl. Ifølge seniorforsker og ørneekspert ved Nina, Torgeir Nygård så er det liten sjanse for å finne fuglar utan systematiske søk, liten søkeradius og søk utan hund. Ein skal da vere heldig om ein finn fugl på størrelse med rypen.

Det blir i endringssøknaden stort sett lagt fram det som er positivt (vindturbinar som er lågare i terrenget) og ikkje dei negative følgene. Da blir det vanskelegare å kunne gjere gode vurderingar, både for BVA internt og for andre interesser.

FNF Sogn of Fjordane håpar at ny kunnskap og nye føringar må bli vektlagt når ein behandlar endringar i gitte konsesjonar. Me håpar og at NVE og BVA ser nytta i fråsegnen vårt og tar omsyn til dei bemerkningane me kjem med ved å skrinlegge endringane som er foreslått.



Med venleg helsing.

Åsmund Nordgulen

Koordinator

Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger

Org.nr: 912 265 722

<https://fnf-nett.no/sogn-og-fjordane/>

Keipen Turlag

Jannike Brenden Frøyen

Norges Jeger og fiskerforbund SF

Alf Erik Røyrvik

Naturvernforbundet Sogn Og Fjordane

Jon Anders Stavang

Sogn og Fjordane Turlag

Ron Overdevest

Norsk Ornitologisk Foreinin, NOF avd SFj

Anders Braanaas

